



Monica og Christoffer med dei 4 borna sine - førebels ved Gravene

Mange er inne på det, men diverre er det få som gjer det - flytter frå storbyens larm og asfaltørken til ein natur-ramme. Difor skal Monica (42) og Christoffer (43) ha ein liten ærespris for si flytting frå bredden av Akerselva til bredden av Uskedalselva.

Dei har fått ei svært god mottaking i Uskedalen og er ikkje seine om å prise bygda.

Ho peikar på den stutte avstanden frå fjell til fjord og han ventar på ein klatrekompis.

Førebels bur dei ved Gravene i leigd hus etter eit naudrop i dette organ men er på utkikk etter eit hus dei kan kjøpa.

Ho er frå Karmøy medan han er ekte Oslogut - frå Bjølsen. Dei har 4 born og flyttinga hit var difor ei betydeleg styrking av befolkningsgunnlaget. Igår hadde Ebba på 6 den fyrste skuledagen sin medan Anna på 2 og tvillingane Ola og Iver på 4 starta i barnehagen,

Foreldra har ein solid fagleg bakgrunn. Ho er farmasøytprofessor og har konsentrert seg om farmakologi - korleis medisinane verkar i kroppen. Han er sikkerheitsleiar i Nordsjøen, for tiden på Heidrunfeltet.

Men den store interessa hans er klatring og han har klatra mange stader i Europa utan at han førebels har freista Nâso, Himalaya lokkar ikkje Christoffer - det vert for mykje trasking og for lite klatring,

Men kvifor landa dei i Uskedalen? Det var konklusjonen på ein lang prosess med synfaring mange stader i landet. Fyrst i fjor vart konklusjonen vår bygd og førebels har dei ikkje angra. Dei likar miljøet og uskedelingane. og opplever dei som imøtekommande. No håpar dei å kunne delta i foreningsliv og frivillig arbeid.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen